

Innspel til modell-utkast til redesign av lektorutdanninga ved UiB #4

AVSENDAR

Me vil gjerne vite om du sender svar som enkeltperson(ar) eller på vegne av eit miljø /eining / organ / utval.

Type avsender	Enkeltperson(ar)
---------------	------------------

Enkeltperson(ar) - Kva kategori tilhører du: vitskapleg tilsett

E-post:

- for å sende dykk ei stadfesting og resyme av innspela dykkar
- vil ikkje vere synleg i bearbeiding av innspela

HØYRINGSSPØRSMÅL

Her kan du svare på dei spørsmåla du ynskjer å kommentere på.

Me bed om at innspela følgjer spørsmåla i kap. 4 i rapporten.

Høyringsspørsmål 1:

Prosjektgruppa foreslår ei endring frå fem til fire praksisperiodar. Praksisperiodane skal fordelast mellom 1., 3., 5. og 8. semester, med langpraksis i dei to siste periodane. I tillegg blir det føreslått kampusbaserte praksisperiodar på til saman 10 dagar.

1) I kva grad vil dei ulike utkasta til modell for lektorutdanninga bidra til å nå det overordna målet for redesignprosessen?

Alternativa for HF/SV vil etter mi vurdering vere minst like eller meir problematiske enn noverande struktur.

Alternativ 2 for MN er det minst problematiske, under føresetnad av at ein ikkje kombinerer fag 1 og fag 2 i noko av dei fire første semestera.

4) Korleis stiller fagmiljøa ved HF og SV seg til å ha ei tilsvarende fordeling av profesjonsemne/lektortilpassa emne som ved MN?

Alternativ 2 for MN er brukbart dersom ein held fag 1 og fag 2 separate i dei fire første semestera.

Høyringsspørsmål 5-8:

Prosjektgruppa kjem med ulike modellar for fordeling av disiplinfag i studieløpet. Vi ber om synspunkt på fordelinga av disiplinfagemne i studieløpet.

5) Korleis kan dei ulike utkasta til fordeling av disiplinfagemne i studieløpet bidra til å nå dei overordna måla med redesignprosessen?

Alle alternativa for HF/SV er problematiske ved at dei kombinerer fag 1 og fag 2 i same semester og/eller tvingar fram

- dublering, som krev ekstra ressursar eller reduksjonar andre stader i porteføljen

- ulik emnerekkjefølgje for eitt fag teke som hv. fag 1 og fag 2, noko som hemmar den disiplinfaglege progresjonen

- 100-nivå og 200-nivå i eitt fag i same semester, som òg hemmar progresjonen

7) Korleis kan ein gå fram for å takle disiplinfagemne i fag I og fag II i same semester?

Ein må unngå det.

Koordinering av 8 disiplinfag + 1 profesjonsfag på 100-nivået vil truleg krevje sentralisert timeplanlegging og redusert spelerom for disiplinfaga.

Trong timeplan vil kunne føre til press i retning av mindre undervisning, ikkje minst av gruppedeling og studentaktive

læringsformer.

Trong eksamensplan vil kunne føre til press i retning av kortare eksamenar.

8) Korleis kan ein gå fram for å unngå dublering av disiplinfagemne?

Ved å velje MN-alternativ 2 (med fag 1 og fag 2 i separate semester).

Høyringsspørsmål 9:

Fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å flytte ex.phil. til femte semester (frå 6. semester for MN og frå 1. semester for HF/SV). Eit element i framlegget er at ex.phil. på denne måte blir organisatorisk tilrettelagt for lektorstudentar, og at femte semester dermed kan gjennomførast utan kollisjonar mellom undervisning og praksis.

9) Kva er fordelane og ulempene ved å plassere ex.phil. i femte semester for lektorutdanninga, ut frå modellutkasta?

Etter mitt syn vil studentane truleg ha meir nytte av ex.phil. i 5. semester enn i 1. semester.

Høyringsspørsmål 13-14:

Prosjektgruppa kjem med framlegg om å innføre innføringsemne i fag I og fag II i førstesemesteret for lektorstudentar ved HF/SV.

13) Bør det for HF/SV vere innføringsemne i fag I og fag II i førstesemester?

Ja, men då må ein velje MN-alternativ 2.

Og "innføringsemne" må vere fullverdige emne (slike som inngår i spesialisering i BA-program).

14) I kva grad vil disiplinfaglege innføringsemne gi nødvendige forkunnskapar for å gjennomføre lektorutdanninga?

Sjå det førre svaret.

Høyringsspørsmål 15:

Prosjektgruppa føreslår at det for MN blir brukt 10 frie studiepoeng på eit lektortilpassa emne. Gruppa opnar samtidig gjennom modellutkasta for at eit slikt emne kan vere aktuelt òg for HF/SV, primært i 8. semester, bl.a. for å unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

15) I kva grad og på kva måte kan eit slikt lektortilpassa emne, basert på frie studiepoeng, vere aktuelt for lektorprogramma ved HF/SV i 8. semester?

Nordisk har allereie eit slikt emne. Det er ikkje så problematisk med slik tilrettelegging på høgre nivå.

Høyringsspørsmål 16-18:

I dag skriv lektorstudentane ei masteroppgåve på 30 studiepoeng ved MN, medan dei skriv masteroppgåve på 60 studiepoeng på HF/SV.

16) Kor stort omfang bør masteroppgåva ha?

Studentane bør kunne velje mellom 60 sp og 30/45 sp.

17) Korleis kan behovet for brei innføring i metode, teori og prosjektutvikling bli teken vare på med ei masteroppgåve på 60 studiepoeng?

På nordisk har dette vore gjort i mange år allereie, med eit prosjektførebuande emne i 8. semester.

18) Bør omfanget av masteroppgåva gjerast valfri for studentane? Korleis kan ein eventuell valfridom handterast?

Studentane bør kunne velje mellom 60 sp og 30/45 sp.

Høyringsspørsmål 20:

Kva for modellutkast vil vere best? Korleis kan modellutkastet eventuelt gjerast endå betre?

MN alternativ 2, under føresetnad av at fag 1 og fag 2 ikke blir kombinerte i same semester.

Her kan du/de laste opp ev. modellforslag, ref høyringsspørsmål 20. [Utgreiing om alternative modellar for lektorutdanninga.docx](#)

Andre kommentarar:

Vedlegget er ei utgreiing som er gjord for nordisk språk og litteratur.